



FV 55 forbi kyrkjegarden i Luster. Dette er skulevegen for mange elevar.

KOMMUNAL PLAN FOR TRAFIKKTRYGGING

Del 2 – Handlingsprogram 2016 – 2028

Arkivsak 15/1199 Datert 01.06.2015

**Vedteken av kommunestyret
05.11.2015 K-sak 70/15**

OBS: Tiltaka er nummeret etter kva type tiltak og kvar dei er i kommunen, dei er ikkje nummerert etter prioritet! Tiltaka har fått ny nummerering etter at planen har vore ute til offentleg ettersyn.

Grøn = trygg skuleveg Oransje = anna gang- og sykkelveg, fortau eller tursti

Tiltak som gjeld veg utanfor bygdesenter og bygdelag			
1	Sørsida	FV 331	Sikrere tunnelar - 3 tunnelar Tunnelane på Sørsida manglar lys.
2	Fortun		Sognefjellstunnelen og Årdalstunnelen I tillegg til sjølve tunnelpåhogga vil bygging av desse tunnelane føre til vesentleg meir trafikk på FV 55 enn i dag. Fleire av vegstrekningane frå grense mot Sogndal til tunnelpåhogga har ein vegstandard som er dårleg. Vegen er både smal, svingete og har stor stigning. Vegen opp Indrebygdi er brattare enn det som er krav for ein stamveg som vil få mykje tungtrafikk. Veg mellom Nes og Fortun er ein del av ein nasjonal turistveg, den er smal, kronglete og med busetnad heilt inntil vegen. Ei opprusting av denne vegen til stamvegstandard vil rasere bygdelaga i dette området. Alternative løysingar med tunnell utanom bygdene bør vurderast. Vegen mellom dei to tunnelpåhogga i Fortun har også låg standard og krysset mellom turistvegen over Sognefjellet og stamveg vil vera ei utfordring å løyse.
3	Gaupne	FV 55	Råumberget/Råumtunnelen – hindre isnedfall
4	Gaupne	FV 55	Røneidstunnelen – farleg tunnel Tunnelen ligg i sving, er smal, har dårleg lys. Store køyretøy køyrer ofte inn mot senterlinja. Tunnelen er like farleg sjølv om det no er fungerande tursti på utsida av tunnelen sommarstid for mjuke trafikantar. Sone for redusert fart bør utvidast forbi avkøyrslle til Lad, primært 60 km, eventuelt 70. Skilting av vegkryssing v/tunnelen og kvitmåling av tunnelen. Gamlevegen burde kunna vore nytta som nødveg tilfelle ulykke i tunnelen.
5	Jostedal Leirdalen	FV 604	Kryss FV 604 og veg Leirdalen Kryss med dårleg sikt og vegen frå Leirdalen går bratt ned i fylkesvegen. Reguleringsplanarbeid er meldt oppstarta, men da det ikkje vart nok massar til å gjennomføre tiltaket, vart planarbeidet stoppa. Bør sjåast i samheng med bygging av motorsportbane på Leirmøygyarden. Bør vurdere å setje opp skilt farleg kryss.
6	Jostedal	FV 604	Tunnelar bygge portalar i tunnelopningane for å hindre stein og isnedfall.
7	Jostedal Haukåsgjelet	FV 604	Smal veg Smalt og uoversiktleg parti ved Haukåsgjelet.
8	Jostedal Sperle	FV 604	Smal veg Smalt parti ved Sperle, stygge avkøyrslle, store vassproblem
9	Jostedal Bakken	FV 334	Dårleg sikt/dårleg sving Gjeld kryss mellom fylkesveg og kommunal veg. Svært dårlege siktforhold retning Gaupne. Trong og uoversiktleg sving mot Gjerde.
10	Jostedal	K	Smal veg/bru/krapp sving gjeld bru over Breelvi og veg til Mjølver og Nigardsbreen. Dette er eit svært vanskeleg punkt for større køyretøy. Her er det mykje trafikk med turbussar og bular.
11	Jostedal Krundalen	K	Snuplass/parkering for turistbussar Det er bygd snuplass/P-plass for private bilar ved turutgangspunktet på Bergset, men denne plassen er ikkje stor nok for turistbussar. Dagens snuplass i enden av fylkesvegen bør skiltast snuplass, inga parkering. Plassen bør også utvidast og det bør vera plass for ein buss å parkere her. Den nye parkeringsplassen bør også utvidast då

Kommunedelplan for trafikktrygging – Del 2 - Handlingsplan – 2016-2028

			den til tider er så full at bilar må parkere langs vegen og då sprerrer anna trafikk. Sak 14/2849
12	Indre-Hafslo Marheimsgjelet	FV 55	Krysningspunkt hjørt Krysningspunktet er ikkje merka
13 A	Indre-Hafslo Marheimsgjelet	FV 55 FV 603	Kryss fylkesveg Avkøyringa til Marifjøra bør forbetrast..
13 B	Indre-Hafslo Marheimsgjelet	FV 55 FV 339	Kryss fylkesveg Det er dårleg sikt retning Gaupne når ein køyrer ut på FV 55.
14	Indre-Hafslo Liarmen	FV 55	Kryss ved Liarmen Dårleg sikt i krysset i begge retningar.
15	Indre-Hafslo Ugulen	FV 55	Kryss FV 55 og FV 339 ved Ugulen Vanskeleg kryss.
16	Indre-Hafslo Bruflat	FV 55	Gang/sykkelveg - tursti langs FV 55 – trygg skuleveg Gamlevegen går forbi skulen og ned til FV 55. Den er no skilta og nytta som turveg og snarveg til skulen. Det er ca. 2 km å gå denne vegen frå bustadhusa på Sviggaplassane/Marheim til skulen. Kommuneplanen legg opp til eit nytt bustadfelt på Marheim. Dette feltet ligg 3 km frå skulen. Denne strekninga er også ein del av Sognefjordsvegen og er i samsvar med kommuneplanen.
17	Indre-Hafslo Livtun	FV 339	Redusert fartsgrense – trygg skuleveg strekninga Livdun-Fet. Smal strekning med mange gåande til skule.
18	Hafslo Kryss Mollandsmarka	FV 55	Farleg kryss Det er litt dårleg sikt, smal bru og det oppstår bl.a. farlege situasjonar når bilar frå Gaupne må stoppe opp på FV 55 for å vente på å krysse vegen. Vegen til Mollandsmarka er mykje nytta av turistar.
19	Hafslo Krossen	K	Parkering bilar – turutgangspunkt – 150 m sti Det er opparbeida parkeringsplass på Krossen, men Molden er eit svært populært turutgangspunkt så plassen er ofte stappfull slik at bilane vert ståande langs/i vegen. Det er også dårleg sti frå P-plass til eksisterande skogsbilveg.
20	Hafslo Osen	FV 55	Hafslovatnet rundt – tursti/kryss Kryss FV 55 og skogsbilveg - gangbru Det er eit ynskje i kommuneplanen og bestemt i planprogrammet at det skal etablerast tursti rundt Hafslovatnet. Dagens kryss med skogsbilveg i Kalbakkamarki og veg til demningen er svært trafikkfarleg med dårleg sikt. Vegen er stengt for vanleg trafikk med bom. Det vil skapa trafikkfarlege situasjonar dersom fleire gåande/syklende skal ut på FV 55 her. Alternativet er truleg å byggje ei gangbru mot eksisterande rasteplass. Tømmerbilar og Sognekraft brukar dagens utkøyring. Det må vurderast om også biltrafikken skal på ny bru.
21	Hafslo Osen-Hestnes	FV 55	Hafslovatnet rundt - tursti langs FV 55 – 1,8 km Det er eit ynskje i kommuneplanen og bestemt i planprogrammet at det skal etablerast tursti rundt Hafslovatnet. Det vil skapa trafikkfarlege situasjonar dersom fleire gåande/syklende skal gå på fylkesvegen her på ein strekning som alt er ulykkesbelasta. Det bør difor etablerast ein tursti langs fylkesvegen frå skogsbilvegen i Kalbakkamarki til turvegen som går ned til byggefeltet på Hestnes og vidare til Hafslo sentrum. Ein slik turveg vil også gi fleire fine rundturar i området og tilgang til fine turområde. Ei utbygging vil krevje utarbeiding av reguleringsplan.
22	Hafslo Oklevik	FV 55	Strekning med mange ulykker
23	Hafslo Krekingavegen	FV 337	Kryss Krekingavegen/Vegaskjelet Ynskje om opphøga gangfelt. Tidlegare avsløge av Statens Vegvesen sak 12/229
24	Veitastrand	FV 331	Røyteviksbrua Manglar rekkverk

Tiltak som krev regulering eller utarbeiding av plan			
25	Urnes	FV 331	Tryggare turveg – 1,1 km Urnes stavkyrkje har stor gangtrafikk frå kai til kyrkje i turistsesongen. Dette fører til uheldige situasjonar i kombinasjon med mange køyrande til kyrkja. 2,2 km tur-retur
26	Skjolden		Tursti/tilkomst friområde – 600 m Det er eit ynskje om å få tursti frå sentrum under bru over Eidselvi gjennom uregulert friluftsområde/friområde til eksisterande vegtilkomst frå byggefeltet Bolstadmoen. Turstien vil gi god tilkomst til vatnet og bilfri turveg og sentrumsnær rundtur. Tiltaket er i samsvar med kommuneplanen.
27	Fortun	P	Tursti Frå Vassbakken til Wittgenstein-hytta. Koplar seg saman med regulert tursti til skjolden
28	Skjolden/ Gullringen	FV 55	Bilfri turveg 1,3 km – 1-2 parkeringsplassar Opparbeide ein eller to biloppstillingsplassar i sørenden av den nye tunnelen der gamlevegen ligg som gang og sykkelveg dersom dette er råd. Då er det råd for forbikøyrande (som kjem frå Luster) å gå ein liten tur på ca. 2,6 km tur-retur på utsida av tunnelen om sommaren når det er liten rasfare. Det er 106 m frå tunnelopning til aktuell plass for parkering, så det bør ikkje vera høve til å krysse vegen når ein kjem frå Skjolden.
29	Skjolden	FV	Gondolbane Avkøyring frå fylkesvegen, parkering og gåande frå sentrum og cruisehamn vil verte ei utfordring å løyse då området å løyse dette på er svært avgrensa.
30	Skjolden	Fv 55	Gangbru over Mørkridselva Det manglar gangvegsamband mellom Fjordstova og opparbeida gangveg på Hauge. Dette må løysast ved bygging av ny gangbru over elva.
31	Luster	FV 55	Sikker parkering ved butikk – ca. 10 bilar Farleg/dårleg parkeringsløyning ved butikken der bilar må rygge inn og ut av vegen. Kommunen har meldt oppstart av reguleringsplan arbeid for området, men planen er ikkje utarbeida.
32	Luster	FV 55	Manglande fortau – ca. 130 m – trygg skuleveg Ny og betre skilting av; skuleveg i begge retningar, kommunal parkeringsplass, gangfelt/vegkryssing. Nærare vurdering av oppheva fotgjengarfelt. Gangveg/fortau langs kyrkjegarden i Dale. Det er meldt oppstart av reguleringsplan arbeid for området, men planen er ikkje utarbeida. Denne planen vil også ta med gangvegen frå sentrum til taubanen som er bygd på dugnad med kommunal støtte. Den tilfredstiller ikkje "formelle" krav til gangveg. Det er vist gangveg/fortau i eksisterande reguleringsplan plan id 1426-1987001
33	Luster	FV 55	Manglande fortau/gangveg – 150 m Fullføring av gangveg frå Kvåle til krysset ved Solstrand.
34	Luster	FV 55	Gangfelt over FV 55 ved Solstrand
35	Luster	FV 55	Gangfelt over FV 55 ved butikken
36	Luster	FV 55	Gangfelt over FV 55 ved Døsen – trygg skuleveg Gangveg er etablert, men kryssar her FV 55. Det er 50 km/t i heile området.
37	Luster Steinabakkane	FV 55	Manglande fortau – ca. 70 m – trygg skuleveg Gangveg/fortau frå eksisterande gangveg som går til taubana vidare til Leirhola (kryss til Harastølen). Området må regulerast.
38	Høyheimsvik v/ fruktlageret	FV 55	Busslomme – trygg skuleveg retning Gaupne. Bussen stoppar no i vegen.
39	Fruktlageret- Høyheimsvik	FV 55	Tursti – 1 km Etablere tursti for å få gåande langs fylkesvegen vekk frå vegen.

Kommunedelplan for trafikktrygging – Del 2 - Handlingsplan – 2016-2028

40	Nes	FV 55	Undergang under FV 55 – trygg skuleveg Det er eit ynskje om undergang i staden for kryssing på veg. Området er regulert, men undergang krev ny regulering.
41	Jostedalen Gjerde	K	Turveg – alternativ tilkomstveg Espe – ca. 1 km Kommuneplanen viser ny veg og ny bru mellom busetnad og hyttefelt på Espe til Gjerde. Vegen vil opne opp for sykling på mindre trafikkert veg til skule deler av året. Det er 4,5 km denne vegen frå byggefeltet Haugåsen til skulen.
42	Jostedalen Gjerde	FV 334	Gang- og sykkelveg – ca. 300 m Frå kryss byggefelt/regulert gangveg til butikk/hotell.
43	Jostedalen Gjerde	FV 334	Fortau/sikker parkering ved butikk/avkøyring hotell I dag parkerer dei handlande slik at dei må rygge direkte ut i fylkesvegen. Avkøyringa til hotellet har dårleg sikt. Det er dårleg med parkeringsplassar for butikk og hotell. Reguleringsplan for sentrum er under arbeid.
44	Jostedalen		Snuplass for buss ved skulen – trygg skuleveg Bussen snur i dag på skuleplassen, noko som ikkje er ei god løysing.
45	Jostedal Leirmøygarden		Motorsportbane Kommuneplanen viser ny motorsportbane her. Vil vera eit positivt tiltak for ungdom og kanskje få bort noko «tylekøyring» frå offentleg veg. Området må regulerast. Bør sjåast i samanheng med kryss Leirdalsvegen.
46	Gaupne	FV 55	Turveg/sykkelsti på utsida av Råumtunnel – 800 m For bruk i sommarhalvåret. Den gamle vegen ligg på utsida av tunnelen, men har fått store skader etter steinsprang/utrasing/rotsprenging. Det er høgt frå eksisterande støypekant og rett ned i fjorden. Våren kjem tidleg her og mange likar å gå utover langs fjorden, spesielt om våren. Tunnelen er 500 m lang og få vel å gå gjennom denne, noko som også er trafikkfarleg. Ved å utvide turvegen til Hotlo kan den knytast saman med turvegnettet i Gaupne. Som strakstiltak bør vegen ryddast for tre for å hindre ytterlegare rotsprenging.
47	Gaupne	FV 55	Gang- og sykkelveg – 300 m Frå skule/eksisterande gangvegssystem til bru over Jostedøla og tursti oppå elveforbygning. Er regulert i plan 1426-1998002, men i denne planen gjekk spolebasen under fylkesvegen og kunstgrasbanen var ikkje i planen. Planen ligg i gjeldande planleggingsprogram med oppstart 2015 og vedtak 2016. Budsjettpost 335–570
48	Gaupne	K	Fortau – 450 m – trygg skuleveg Langs Øyagata frå ungdomshuset/kryss Krohnstadvegen til gangveg gjennom Bruflat-feltet/Gamlebrua. Kommuneplanen visar utbygging av Grindane, og då vil det verte endå meir trafikk på Øyagata som i dag er smal og der mange går i sjølve gata. Gjeld trygg skuleveg. Mange barn og sykklar her på veg til skulen.
49	Gaupne	K	Fortau – 420 m – trygg skuleveg Langs Gardavegen frå kryss Øyagata, forbi barnehage, kryss Røslbakkane til eksisterande fortau ved Krohnstadvegen. Kommuneplanen visar utbygging av Grindane, det er 8 nye bueiningar under oppføring i Gardavegen 20 og det er regulert fleire hus på Salen. Då vil det verte endå meir trafikk langs denne vegen som i dag er smal, lite oversiktleg i sving og der mange går i vegen. Gjeld trygg skuleveg. Mange barn og sykklar her på veg til skulen og det er stor trafikk til barnehagen. Er i samsvar med kommuneplan.
50	Gaupne	FV 55	Gangsti/turveg langs fjorden frå småbåtkai til Hotla – 400 m Gir unik tilgang til fjorden med høve til turgåing, fiske, fotografering mm. Det er i dag trakka ein liten sti utanfor autovernet.

Kommunedelplan for trafikktrygging – Del 2 - Handlingsplan – 2016-2028

			Må sjåast i samanheng med grassletta nord for småbåthamna, tursti frå Campingen/gang- og sykkelveg og eit ynskje om å skapa eit område for friluftaktivitetar langs Engjadalselva og fjorden. Er i samsvar med kommuneplan og stadanalyse Gaupne.
51	Solvorn		Ny veg til ny småbåthamn – utbetring av tursti frå sentrum Det må byggast ny bilveg ned til småbåthamna. Eksisterande sti frå sentrum langs fjorden til småbåthamn må opprustast noko, men det er ikkje snakk om bilvegstandard denne vegen.
52	Solvorn		Biltrafikk i sentrumsområde Området er regulert og opprusta, men det er framleis problem med parkering av dei som skal med ferja, snuplass buss, parkering for dei som vil på stranda osv. Det bør vurderast om buss bør stoppe/snu like før sentrum i sommarhalvåret.
53	Hafslo	FV	Busshaldeplass skular / snuplass buss – trygg skuleveg Kommuneplanen visar eksisterande busshaldeplass på Hafslo som byggeområde. Det må utarbeidast plan som viser korleis busshaldeplass/snuplass for buss skal løysast.
54	Hafslo/ Solbakkafeltet	FV 55	Gang- og sykkelveg – 250 m – trygg skuleveg Solbakkafeltet er i dag tilknytta eksisterande gang- og sykkelveg nettverk på Hafslo gjennom den gamle vegen opp i feltet. Kommuneplanen legg opp til fleire bueiningar i dette feltet og set krav til at tilkomsten for gåande og syklende skal sjåast på.
55	Hafslo Heggmyrane		Rulleskiløype Dette er eit tiltak som kan få barn og unge bort frå vegane og inn i eit lukka, bilfritt anlegg. Ei rulleskiløype må vera asfaltert. Området er under regulering. Plan id 1426-2013005
56	Hafslo Hafslo kyrkje	FV 337	Gang- og sykkelveg – 700 m Frå eksisterande gang og sykkelveg i sentrum til Hafslo kyrkje og nytt bustadfelt i kommuneplanen, Prestegarden. Kommuneplanen set krav om etablering av gang- og sykkelfelt til nytt bustadfelt før dette kan etablerast. Vil også vera ein del av Hafslovatnet rundt.
57	Hafslo kyrkje Moane	FV 337	Gang- og sykkelveg – 2,3 km Frå Hafslo kyrkje/nytt bustadfelt Prestegarden til idrettsanlegget i Moane. Treng veglys. Vil også vera ein del av Hafslovatnet rundt.
58	Hafslo kyrkje	FV 337	Parkeringsplass Eksisterande parkeringsplass ved kyrkja er svært liten slik at vert parkert langs fylkesvegen – noko som gir trafikkfarlege situasjonar.

Tiltak som er ferdig regulert / planlagt men som ikkje er bygd/ferdigstilt			
59	Skjolden/Fortun	FV 55	Tursti – 1,2 km Langs vatnet/elv frå avkøyring kommunal veg ved camping Skjolden til traktorveg mot Wittgenstein-hytta. Deler er bygd. Det står att ca. 1,2 km. Vegen vert nytta av turistar og som turveg. Plan id 1426-2013002
60	Luster		Turveg/prosisjonsveg frå kyrkje til gravplass – 140 m Er regulert men ikkje bygd. I dag må gravfølgje gå på FV 55. Plan id 1426-1987001
61	Høyheimsvik	FV 55	Busslomme – trygg skuleveg i sentrum retning Luster er for liten. Større busslomme er ferdig regulert med fortau langs sida. Plan id 1426-2007002
62	Høyheimsvik	FV 55	Tursti – 190 m Frå gamle butikken til campingen. Vil betra tilkomsten for badande og minske antal gåande langs fylkesvegen. Plan id 1426-2007002
63	Høyheimsvik	FV 55	Parkeringsplass til småbåthamn På andre sida av fylkesvegen. Det er i dag knapt med parkering ved sjøen og utbygging av småbåthamn set krav om parkeringsplassar på land. Plan id 1426-2007002

Kommunedelplan for trafikktrygging – Del 2 - Handlingsplan – 2016-2028

64	Høyheimsvik	FV 55	Sikttilhøve sving i sentrum – trygg skuleveg Svingen i sentrum har dårleg sikt og bør utbetrast. Det oppstår farlege situasjonar her for gåande som skal til/frå busstoppene og til/frå fjorden. Plan id 1426-2007002
65	Neshøgdi	FV 55	Gangfelt – 200 m – trygg skuleveg Det er regulert og sett krav om bygging av gangveg mellom dei to private bustadfeltene Orrhaug og Neshøgdi og mellom to eksisterande busslommer i området, men gangfelt over FV 55 manglar. Det er hausten 2015 sett i gang tiltak for å betra tilhøva. Ytterlegare tiltak for sikrere kryssing av FV 55 må vurderast. Plan id 1426-2010005
66	Jostedal	FV	Gang- og sykkelveg – 260 m Det er regulert gang- og sykkelveg langs fylkesvegen frå avkøyringa til Krundalen til avkøyring til byggefeltet i retning mot Fåberg. Plan id 1426-1998001
67	Gaupne	FV 55	Rundkøyring/nytt kryss og nytt køyremønster/ny avkøyring Gjeld avkøyring Gaupne sentrum. Det er kort avstand mellom avkøyringa frå FV 55 til sentrum og avkøyringa til Pyramiden/Coop/rådhus. Området er regulert med rundkøyring, men andre løysingar er truleg betre/meir realistiske. Det bør fram til løysing av krysset vurderast monteringspegel slik at sjåførar av stor bil/buss lettare ser folk/syklistar som kjem på gang og sykkelveg. Plan id 1426-1998002
68	Gaupne		Sykkelparkering ved busshaldeplassen Syklane ligg i dag strødd i området rundt busskura. Sykkelparkering under tak hadde vore det ideelle.
69	Gaupne Røselebakane/ Salen	K	Sving – bratt og krapp + fortau – trygg skuleveg Dette er eit ulykkespunkt i dag. Reguleringsplan er utarbeida i samband med nye bustadtomter på Salen. Plan id 1426-2011003
70	Gaupne Røselebakane	K	Farleg kryss – trygg skuleveg Vegen frå Røselebakane går skrått og med fall ut i Gardavegen. Det er svært dårleg sikt mot høgde der det no er auka trafikk grunna ny barnehage i området. Spesielt syklistar men også bilar kjem i stor fart ut i krysset. Problemet er ekstra stort om vinteren med brøytekantar og glatt veg. Krysset er regulert, men løysinga er ikkje heilt god Plan id 1426-1992001
71	Gaupne Barneskulen	K	Trafikktilhøva rundt skuleområdet – trygg skuleveg Skulen har dårleg definerte trafikale forhold. Bl.a.: - Varelevering over skuleplassen på dagtid - Gang- og sykkelveg gjennom skuleområdet/over skuleplassen - Sykkelparkering bør flyttast - Sikre trygg levering av elevar (foreldrekøyring) - Bruk av området inkludert kunstgrasbane på kveldstid Plan id 1426-1998002, 1426-2009004
72	Gaupne Sørsida av Pyramiden	K	Kaotiske trafikktilhøve – trygg skuleveg Sidan elevar som er ferdig på skulen ofte går til kjøpesenteret Pyramiden medan dei ventar på skyss heim og i samband med bruk av Lustrabadet, er dette området også ein del av trygg skuleveg. Det er i dag dårleg skilje mellom køyrande og mjuke trafikantar. Det er busshaldeplass, bussparkering med ryggande bussar, varelevering, posten sine bilar, parkering av dei som arbeider her og handlande, HC-parkering mm. Det er utarbeida detaljplan for eit bilfritt torgområde, men planen er ikkje realisert. Området er regulert Plan id 1426-2009004

Kommunedelplan for trafikktrygging – Del 2 - Handlingsplan – 2016-2028

73	Gaupne Nordsida av Pyramiden og helsesenter	K	Trafikktilhøve – parkering/varelevering – mjuke trafikantar Det er ei blanding av gåande, syklande, uteservering kafe, andre benker og bord, parkering dei som arbeider her og dei som handlar, varelevering, ambulansetilkomst, fortau, køyring på område regulert som gangareal mm Området er ikkje opparbeida slik som regulert. Plan id 1426-2009004 og 1426-2011001
74	Gaupne/ Røneids- grandane	FV 55	Gang- og sykkelveg – 500 m Frå bru over Jostedøla til avkøyring gamle fylkesvegen over Røneid. Mykje nytta rundtur/turveg for både turistar og fastbuande som no må sykle/gå på fylkesvegen. Plan id 1426-1987003.
75	Gaupne	FV 55	Turveg– 700 m på elveforbygning/kryss ved FV 55. I dag er vegen delvis stengt med store steinar mot FV for å hindre rask sykling frå gangsti til FV. Dersom stien vart utbetra mellom elveforbygning ned mot vegsystemet i byggefeltet på Bruflat-området, kunne denne stien vore ein fin turveg også for syklistar og folk med barnevogn/rullestol. Turstien går rett forbi begge skulane i Gaupne og vil vera naturleg å nytta for fysisk aktivitet i skuletida og på fritida. Berre nokre småtteri manglar for å få dette på plass og stien ville då vera eit flott alternativ for korte rundturar i sentrum. Plan id 1426-1998002
76	Gaupne	FV 55	Turveg– 1 km frå Røneidsgrandane til Røneidstunnelen Vil gi ein flott turveg langs fjorden. Den gamle fylkesvegen på utsida av tunnelen er rusta opp og asfaltert. No står det att å kople denne delen saman med ny turveg slik at ein slepp å gå/sykle på fylkesvegen. Dreg arbeidet med ny turveg ut, bør det vurderast å forlenge eksisterande turveg med 100 meter frå tunnelopninga retning Gaupne. Dette vil gi sikrere kryssing av vegen for mjuke trafikantar. Dersom breidde ved anlegg statskraft hadde vorte auka kunne denne vegen vore ein nødveg i tilfelle ulykker i tunnelen. Plan id 1426-2011010
77	Gaupne		Tursti/bru ved Hanaskjæren Bru mellom øya ved badekulpen Hanaskjæren i Engjadalselva til byggefeltet Verket 1 er regulert, men ikkje bygd. Vi gi dei som bur i feltet betre tilgang til friområdet og vil gi fleire alternativ for kortare, sentrumsnære og bilfrie rundturar. Plan id 1426-2002002
78	Gaupne		Tursti/tilgjenge for alle ved Verket/Engjadalsvegen – 100 m Turstien er bygd, men er så bratt at den er svært vanskeleg å gå med barnevogn. Øvste delen bør takast att og leggast i svingar for å betre ta opp stigninga i terrenget. Området er regulert som friområde/tursti. Plan id 1426-2011002
79	Gaupne	FV 55	Kryssing gang/sykkelveg FV 55 Kryssinga på opphøga gangfelt og nedsatt fartsgrense fungerer ok med det er for bratt gang- og sykkelveg opp frå sentrum til kryssinga. Dette påvirkar også sikten. Bør forbetrast. Plan id 1426-1998002
80	Gaupne	FV 55	Kryssing gang/sykkelveg FV 55 Det er regulert undergang under FV 55 i reguleringsplan. Plan id 1426-2009004
81	Marifjøra	FV 336	Sving/kryss ved hotellet I samband med uteservering ved sommarkafeen som er her, har det vorte fleire mjuke trafikantar som brukar dette området. Det er viktig å få til løysingar som bae tek vare på det trivelege miljøet og som gir størst råd tryggleik. Plan id 1426-2011004

Kommunedelplan for trafikktrygging – Del 2 - Handlingsplan – 2016-2028

82	Hafslo/ Heggmyrane	FV 55	Gang- og sykkelveg – 500 m Gjeldande reguleringsplan krev bygging av gangveg langs FV dersom det vert større aktivitet på skisenteret og meir hytteutbygging med tilkomst via Modvovegen. Kommuneplanen legg opp mykje større hyttebygging her enn det reguleringsplanen legg opp til. Det er starta opp arbeid med ny reguleringsplan for området. Gjeldande plan har plan id 1426-2002001
83	Hafslo	K	Fortau/reduisert fartsgrense – 600 m – trygg skuleveg langs Bakkingavegen frå sentrum til dei to bustadfelta på Beheim. det er regulert, men ikkje bygd fortau her. Plan id 1426-1984002 og 1426-2010007
84	Hafslo	FV 337	Gang- og sykkelveg – 60 m – trygg skuleveg forbi bussgarasjen er gang- og sykkelvegen berer markert med gatestein og det er eit 60 m breidt stykke som er meir køyreveg enn gang og sykkelveg. Området er regulert i plan id 1426-1995002 men løysinga er ikkje som vist på reguleringsplanen.
85			Nummer går ut
86	Hafslo	FV 337	Gang- og sykkelveg – 200 m – trygg skuleveg Frå skulevegen til småbåthamn. Vil verte ein del av gang- og sykkelveg mot bustadfeltet Prestegarden som er vist i kommuneplanen. Plan id 1426-2008003
87	Hafslo Hestnes	K	Fortau/kryss – 50 m – trygg skuleveg Det er markert fortau med storgatestein i nivå med asfalten på den kommunale vegen ned til byggefeltet. Dette fungerer ok, men når fortauet kjem opp til krysset ved bensinstasjonen er denne avkøyringa svært open og dårleg definert. Gjeldande reguleringsplan viser ei litt anna løysing for fortau/gang og sykkelveg enn den som faktisk er bygd. Heile det aktuelle området er regulert som trafikkområde i reguleringsplan for Hestnes. Plan id 1426-1989001
88	Hafslo Galden Hestnes	FV	Busstopp ved Hestnes – trygg skuleveg Ingen felt utover busskuret som syner kvar elevane skal stå/gå når dei ventar på bussen, og på- og avstigning av bussen. Eit fortau slik busstoppen på Galden har hadde løyst dette
89	Solvorn	FV	Skarp og smal sving Smedsvingen er skarp og smal. Reguleringsplan for Solvorn viser utbetring av denne svingen. Plan id 1426-1995997

Generelle innspel som gjeld heile kommunen

Det er svært mange innspel frå tidlegare planrullering som går på ynskje om fast dekke, gatelys og rekkverk. Desse er for det meste ikkje tatt med enkeltvis, men som eit generelt punkt.

Vegllys er viktig trafikktryggingstiltak. Det skal prioriterast utskifting til meir energieffektive armaturar og anlegg der ur ikkje fungerer må rettast opp. Tidspunkt for slokking vert utsett til 01.30 alle vekedagar (budsjetttiltak)

Rydding av skog/kratt i siktlinjer/siktsoner er eit anna viktig punkt som gjeld alle vegar i heile kommunen. Spesielt viktig er dette på stader som gjeld trygg skuleveg. Dette er driftstiltak.

Etablering av fortau og samanhengande gang- og sykkelvegar i og nær stader der det ferdast mange gåande og syklande er svært viktig.

Mindre tiltak utan krav om reguleringsplan/ detaljplan			
90 A	Skjolden	K	Reduksjon av fart/opphøga fotgjengarfelt Gjeld kryssing av Bolstadvegen ved skulen.
90 B	Fjøsne	FV 55	Busstopp Fjøsne(Fjøsna) på veg innover er det ingen muligheit for den av eller på stigande passasjeren til å stige ut av vegen.
91	Ottumnes	FV 55	Busstopp Ottumnes før tunnellen på veg innover er det ingen muligheit for den av eller på stigande passasjeren til å stige ut av vegen.
92	Luster	FV 55	Busstopp På Furneset mellom Markstein og Luster er det eit stopp på veg mot Gaupne som står heilt i vegen utan muligheit for den av eller på stigande passasjeren til å stige ut av vegen.
93	Luster	FV 55	Oppheva gangfelt – skilting skuleveg – trygg skuleveg midlertidige tiltak i påvente av reguleringsplan.
94	Markstein	FV 55	Busstopp Busstoppen ved Marstein/kryss Skildheimsvegen er mykje brukt og bør sikrast/forbetrast. Det bør vurderast å setje farten på vegen ned til 60 km/t.
95	Nes	FV 55	Busstopp Innom Nes Gard (under Døsen) blei det oppretta eit stopp for kort tid sidan. På veg innover må jo av stigande stå og balansera på støypekanten til trafikken er forbi. Dette er lite heldig, bussjåførane er begynt å sperre vegen med bussen og sleppe passasjerar over vegen før dei køyrer.
96	Gaupne Gamlabrua	Fv 604	Gjeld kryssing av fylkesvegen – trygg skuleveg Syklende og gåande kjem på den gamle riksvegtraseen frå Røneid og ned i FV 604 med stor fart. Det er gjort tiltak for å bremse ned syklistane, men det fungerer ikkje heilt. Området er ikkje regulert, men bør kunna løysast utan å måtta regulera området.
97	Indre-Hafslo		Opprusting av gammal ferdselsveg – trygg skuleveg Den gamle ferdselsvegen vert nytta som skuleveg frå byggefeltet Lunshaugen. Vegen er der, men treng ei opprusting for å vera betre egna for barnevogn og sykkel. Ei opprusting ville også gjera at vegen kan nyttast meir vinterstid og ungane slepp å gå på bilvegen.
98	Indre-Hafslo Jorangervegen	K	Brurekkverk – trygg skuleveg Hindre faren for at barn dett på elva.
99	Hafslo	K	Fotgjengarfelt Gjeld kryssing av Tangsvegen
100	Hafslo	Fv 337	Fotgjengarfelt Gjeld kryssing av vegen like etter Stolpen, mellom gangveg frå Galden og stien frå undergang under FV 55.